

SPRÅK og Språkutvikling

Språkstimulering er eit av dei områda barnehagen arbeider mykje med. Å lære språket er noko av det viktigste som skjer i eit barns liv, det er eit sentralt grunnlag i all utvikling hos barnet. Språket vert lært gjennom å ha gode språkmodeller i kvardagen sin, og å bruke det aktivt. Ein treng også å få varierte opplevingar og erfaringar for å lære dei ulike begrepa, og få eit rikt språk. Dette vil vi fylgje opp i barnehagen, og vi har laga ei progresjonstrapp, som skal sikre at vi stimulerer språket utfrå det nivået barnet er på i forhold til alder og modningsnivå.

Barnehagen har mykje språkstimuleringsmaterieill (m.a. Snakkepakken) som kan brukast både inne og ute, og vi observerer korleis barnet utvikler seg på ulike områder. ("Alle med" observasjonsskjema, og "TRAS" ved behov) Vi legg vekt på læring gjennom leik og aktivitet, der barnet får bruke både kroppen og alle sansane sine.

Det er viktig at språkstimulering også vert fulgt opp heime, for at barnet skal få eit godt språk og eit godt grunnlag for dei andre utviklingsområda.

- slik kan foreldra fylgje opp heime:

- Lese for barnet, og samtale om innhald og bileter i boka
- Synge med barnet, bruke rim og regler
- La barnet få høyre på lydbooker
- Spele spel med barnet (memory, lotto, terning-spel)
- Vere gode språkmodeller, ikkje snakke "babyspråk" til barnet
- Lytte til det barnet har å seie
- Oppmuntre barnet til å sette ord på følelser, ynskjer og behov
- Sette ord på ting og handlinger i kvardagen
- Gje barnet opplevingar, gå i naturen med barnet, samtale og undre seg saman
- Sette av tid til å vere aktivt saman med barnet ei stund kvar dag; oppmuntre barnet til å fortelle frå dagen sin i barnehagen, spørre opne spørsmål



	1-2 år	2-3 år	4 år	5 år
Dette kjenne-tegner dei ulike alders-trinna	Barnet gjer seg forstått ved å bruke lyder, gester og enkeltord. Viser glede ved språkleg aktivitet og lytting. Talespråket i rask utvikling. "Late som"-leik begynner å utvikle seg.	Opptatt av "kva er det"-spørsmål, imitere, lytte, forstår at kvar gjenstand har et navn. Etterkvart setningar på 2-3 ord, og tek i bruk personeleg pronomen. Liker enkle spel, rim/regler, sang og bevegelse.	Språk-mønsteret er stort sett lært, og det er ei språkleg aktiv periode. Dei bruker konjunksjoner og preposisjoner riktig, og liker godt språkleikar, tøyse-ord, rime og overdrivelser. Kan føre lengre samtaler.	Realistisk språk som fungerer som kunnskapsmiddel, har god kontroll på kommunikasjon, kan kombinere språk og aktiviteter. Bruker språket aktivt i sosialt samspel, og til å uttrykke ønsker og behov.
Dette skal barn få erfaring med / slik skal vi til rette-legge i barne-hagen	<ul style="list-style-type: none"> * sanger, rim og regler * bevegelses-sanger * peikebøker; voksne som set ord på innhaldet * sette ord på ting og handlinger i kvardagen * gjentaking av ord, bekrefte barnet sine ord * barnet får bekrefte kroppsspråk med ord * leikesituasjoner der barnet får bruke språket * få "speile seg" i gode rollemodeller 	Som ett år, og i tillegg: <ul style="list-style-type: none"> * rolleleik og dramatisering * utføre enkle beskjeder * få sette ord på og forklare * kjenne igjen ulike følelser, som sint, glad, lei seg, redd og overraska * lære nokre enkle rim / regler * bli lest for * puslespel, lotto, memory * vite navnet sitt * gjenkjenne kjente lyder * sanse-leikar (Kims lek) * bli kjent med farger * benevne kroppsdeler 	Som to/tre år, og i tillegg: <ul style="list-style-type: none"> * språkleikar * leik med språket, tøyse-regler, leike-skriver * kjenne igjen navnet sitt på papiret * regel-leikar og spel med reglar og terning * tur-taking * utføre beskjeder * gjenfortelle frå bøker og opplevingar * sangleikar og artikulasjons-leikar * vite heile navnet sitt * vere i dialog over ltt tid * finne ord som rimer 	Som 4 år, og i tillegg: <ul style="list-style-type: none"> * høyre på høglesing frå bok utan bileter * kjenne igjen nokre bokstaver og tal-symbol * øve på å skrive navnet sitt * blyant-grep * aktiviteter der ein jobber med samanhengar mellom mengder og tal-symbol, sortering, størrelser, vekt, måling, tid, former * beskrive likheiter og ulikheiter på gjenstander * reflektere over begrep og opplevingar * utrykke seg verbalt ved ønsker, behov og i konflikt-løysing * vite kvar dei bor * fortelle vitser og gåter * klappe stavelser i ord